



Norsk Ornitologisk Forening - foreningen for fuglevern  
- avdeling Rogaland

# Dalane Lokallag

[www.nofdalane.net](http://www.nofdalane.net)



## Program og aktiviteter våren 2016



Høsttur til Mørnstermyr c. 1999. Sigfred Mydland, Ingvald Ekeland, Kjell Grimsby, Ivar Sleveland, Gustav Steensland, Harald Steensland



Avduking av logo for Eigerøy Fuglestasjon, ved Jan Petter Leidland og Ivar Sleveland, 16/6 2001. (Foto: Gunnvor B. Krone)



Eigerøy fyr, mars 2008 (Foto: John Grønning)

### Adresser, etc.

NOF Dalane Lokallag  
Søndre Svanesvei 16  
4370 Egersund  
Tlf.: 480 36 946  
Bankgiro: 3344.20.39637

### NOF Dalane 30 år

Av Roald Lomeland

16. januar 2016 fyller NOF-Dalane 30 år. Tenk at det er gått så lang tid sidan me vart eige lokallag. Om eg ikkje hugsar feil var opptakten til stiftinga at Kjell Ove Hauge frå NOF-Rogaland hadde «massa» på Ivar Sleveland og underskrivne at me som hadde så mange aktive ornitologar og ringmerkjurar i distriktet måtte prøva å få til eit lokallag for Dalane. I Sokndal hadde det vore stor aktivitet med ringmerking i mangfoldige år, og i 1981 vart Sokndal Ringmerkjingsgruppe etablert, omfatta i 1985 også 3 karar frå Eigersund kommune (og seinare kom også John Grønning frå Bjerkreim til).

Eg laut ta ein telefonrunde og snakka med fuglafolk i alle dei 4 Dalane-kommunane, nokre av dei kjende eg berre så vidt namnet på. Eg inviterte til ei samling heime i stova mi på Lomeland den 16. november 1985. Eg trur alle eg snakka med sa ja til å koma.

16/11 skulle visa seg å vera ein litt spesiell dag, nemleg same dagen som eg vart far for andre gong. Så det vart mi gamle mor som måtte stå for bespisninga av fuglafolk. I tillegg til 6-7 dalbuar var Kjell Ove Hauge og Bjørn S. Meling frå fylkesstyret i NOF med oss. Eigentleg hugsar eg lite frå dette møtet, tankane mine var nok helst ein annan stad. Men me fekk altså bestemt å halda eit stiftelsesmøte på Husabø skule 16. januar. Frammøtet var over all forventning, men nokre av dei som var der har me aldri sett igjen. Den entusiastiske jyplingen Ivar Sleveland (21 år den gong) vart vald til formann. Det skulle visa seg å vera eit klokt val. Ivar har halde fram i vervet til dags dato, og har i alle år gjort ein formidabel innsats både med å skaffa foredragshaldarar og «kakebakarar» til dei månadlege møta me har hatt i alle år (unnateke mai-juli), med å verva nye medlemer og med å skaffa oss publisitet, mellom anna gjennom DT og ved å delta på stand m.m.

I mange år veksla møtestaden mellom Soknatun på Haua, Husabø i Egersund og Bjerkreim skule, men dei siste 10 åra har alle møta vore i Egersund, fyrt på «Pingvinen» og dei siste 5 åra for det meste i rådhuskantina.

Ellers har lokallaget kvart år fleire turar til nærområder som Jæren, Lista og Lund (spetteturar), men har og vore til Utsira og Jomfruland. Ringmerking har i alle år vore ein viktig del av aktiviteten vår. Me har kvart år ein søndag i august ein ringmerkjingsdag som har veksla mellom Rødland, Lomeland og Hegrestad i Egersund og Mydland i Sokndal. Vergudane har vore med oss kvart einaste år, somme gonger håplause forhold både laurdagen og måndagen, andre gonger toforever og høljeregn søndags-morgonen, men alltid har me fått mange timer med brukbare fangstforhold. Ellers driv fleire av medlemmene omfattande merking av svaler m.m. i Gådå, samt litt havsvalemerring ved Eigerøy fyr. Ved fyret driv ein også trekkteljing vår og haust og litt småfuglmerking i fyrhagen. Me kan forresten i 2016 også feira 25-års-jubileum for aktiviteten ved fyret. Dessutan har fleire av medlemmene i alle år drive ungemarking i ganske stort omfang av alle slags fuglar som hekkar i distriktet.



Ringmerkjingsdag på Lomeland 22/8 1993. Johan Tore Rødland, Sigfred Mydland, Roald Lomeland, Vegard Lomeland, Jan Petter Leidland (Foto: Ivar Sleveland)

# Programmet for våren 2016:

## Torsdag 14. januar

Årsmøte. Etter årsmøtet viser Morten Kersbergen bilder og har foredraget "Rovfugler i Rogaland".

## Lørdag 23. januar

Julebord hos Ivar på Svanes.

## Torsdag 4. februar

Medlemsmøte. I kveld får vi besök av Bjørn Mo som viser foredraget "Fugler i California".

## Torsdag 3. mars

Vi får Kjell Ove Hauge på besök til dette møtet. Han vil fortelle om utviklingen i hekkebestanden av grågås på Sjernarøyene de siste 30 år og siste nytt om Havørnene i Rogaland.

## Torsdag 7. april

Medlemsmøte. Lysbildekveld med Ivar.

## Søndag 10. april

Fellestur til Jæren. Vi tar en heldagstur til Jæren, der vi besøker de mest kjente fuglelokalitetene. Hvis været tillater det blir det grilling.

## Torsdag 12. mai

Medlemsmøte. Medlemmenes egne bilder og konkurranse.

## Fredag 20. mai til søndag 22. mai

Fellestur til Fyret med overnatting. Lom, Jo og Dugnad. Vi satser på langhelg med skåding og dugnad.

Vårens møter blir holdt i Rådhuskantina i Egersund kl. 18.30

For oppdatert info sjekk lokallagets hjemmesider:  
[www.nofdalane.net](http://www.nofdalane.net)

## Saksliste for årsmøtet:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Valg av møteleder og referent
3. Årsberetning og regnskap
4. Valg
5. Eventuelt

## Kandidater til valget på årsmøtet:

**Leder:** Ivar Sleveland (1 år gjenvalg)

**Styremedlemmer:** Rune Edvardsen og Alf Laksesvæla (velges for 2 år)

**Varamedlemmer:** Arne Hadland, Petter Weido Larsen og Frank Tønnesen(ny) (alle velges for 1 år)

**Valgkomiteen:** Leder: Johan Tore Rødland (ikke på valg), og Roald Lomeland (for 2 år)

**Ikke på valg:** John Grønning og Leah Horwood



Vårtur til Jæren 1996. Gustav Steensland, ?, Jan Petter Leidland, Rune Kvassheim, Daniel Lien, Leif Arne Lien, Petter Weido Larsen (Foto: Ivar Sleveland)



Eigerøy fuglestasjon c. 1996. Johan Tore Rødland noterer ringmerkingsresultater i protokollen (Foto: Ivar Sleveland)



Hetlandskogen 27/4 1986. Johan Tore Rødland, Erik Andreassen, Erik Sigurd Gotfredsen, Gaute Tengesdal og Ivar Sleveland.



Ringmerking på Eigerøy fyr høsten 1990. Roald Lomeland og Jarl Sveinung Birkeland. (Foto: Ivar Sleveland)